

Kurs i offentleg helsearbeid LIS1

21. og 22. oktober

Per Stensland - Overdiagnostikk og overbehandling

- <https://www.legeforeningen.no/om-oss/rapporter/for-mye-for-lite-eller-akkurat-passe/>
- <https://www.legeforeningen.no/kloke-valg>

Arne Erstad – Helsejuss, klage- og tilsynssaker

Tre ulike saker relevant for denne førelesninga:



Sak 1

Ein nyutdanna sjukepleiar hadde ein travl dag på jobb og gav medisin til feil pasient. Spl oppdaga straks at pasienten fekk biverknadar og varsla sjefen. Lege blei tilkalla og tiltak sett i verk for å hindre fatale følgjer. Pasienten døde likevel etter nokre veker, men som følgje av noko anna. Fylkesmannen konkluderte i tilsynssaka med at sjukepleiar hadde brote kravet til forsvarleg verksemd, men avslutta saka utan reaksjon.

Fylkesmannen vektla at spl var uerfaren og at vedkommande varsla sjefen.

Har dødsfallet betydning? Fylkesmannens argumentasjon?

© Fylkesmannen i Vestfold 15



Sak 2

Kvinne 37 år har budd seks månader i Lillevik og kjem stadig til legevakt med sin 15 år gamle dotter, ofte med ambulanse. Du tek i mot pasienten, undersøkjer men ingen objektive funn. Mor vil gjerne vere med under konsultasjonen og opplyser om at dotter hadde krampe. Ingen andre var til stade når det skjedde. I legevaktjournal står det om tidlegare undersøkingar der pasienten var därleg og legen mistenkte at dotter hadde fått gift i seg. Det står i journalen at mor tok seg av kommunikasjonen og at dotter ikkje sa noko, sjølv etter fleire forsøk frå lege. Det kjem og fram at dotter var lagt inn på sjukehuset du jobba i for eit år sidan og du kan hugse at det blei drøfta om mor skada dotter og deretter kontakta ambulanse. Du ber om å få hente inn journal frå dette sjukehuset, men mor nektar tvert. Drøft om det er mogleg å hente inn opplysningar frå sjukehuset og om nokon bør varslast.

© Fylkesmannen i Vestfold 24



Sak 3

Fastlegen er bekymra for ein pasient på 40 år som har eit alkoholproblem. Ho er sjukepleiar og jobbar 60% dag på ein sjukeheim. Alkoholproblema har ho hatt i mange år og det har gått opp og ned. Ho kjem køyrande til undersøkingar og er edru. Det er ikkje konkrete haldepunkt for at pasienttryggleiken er i fare, men fastlegen er ikkje sikker. Fastlegen er kjend med at helsepersonell skal melde frå til tilsynsstyremakta om forhold som kan medføre fare for tryggleiken til pasientane, jamfør helsepersonellova § 17, men fastlegen er òg oppteken om at helsepersonell med rusproblem skal ha tillit til å oppsøke fastlegen. Drøft problemstillinga.